NAUDSYNTE PAPIR

- Signert kontrollkort.
- Betalt jegeravgiftskort
- Attestert skyteprøve.
- Våpenkort / utlånserklæring.
- Jaktlagsavtale.
- Overførings- / samjaktavtale.
- Kjøre- / flyløyve.

HARDANGERVIDDA

Bestandsutvikling

Hardangervidda villreinutval utarbeida i 2004 ein plan for oppbygging av bestandsstørrelsen. Det blei der angitt eit bestandsmål på inntil 11.000 dyr vinteren 2010/11. Fyrste delmål i bestandsoppbygginga var å nå ein bestand på 8.500 dyr vinteren 2006/07. I vår blei imidlertid bestandsstørrelsen sist vinter vurdert til å vera rundt 7.000 dyr, dvs. lågare enn delmålet.

For å kunne nå bestandsmålet innan fastsett tidsperiode må det i 2007 fellast færre villrein. Forventa kalvetilvekst i 2007 er rundt 1.750 kalv og vedtatt kvote på 1.800 dyr forventast å gje ei felling på 550 – 700 dyr i haust. Dette vil gje ei tilvekst på omlag 1.000 dyr då noko naturleg dødeleghet kjem i tillegg til jaktuttaket.

For meir informasjon, sjå villreinutvalet si heimeside: www.villrein.no/hardangervidda

Felling av radiomerka simler

Sist vinter blei det sett på 10 nye radiosendarar med GPS som lagrar simlas posisjon. Desse dataene sendast forskarane via SMS og alle kan fylge med på dyras bevegelsar via heimesida til NINA (www.nina.no).

I jakta vil dataene ikkje vera tilgjengelege, sjølv ikke for oppsynet. Jegerane oppfordrast til IKKJE å felle radiomerka simler i år.

Statens naturoppsyn og Politiet har organisert ein felles oppsynssentral på Skinnarbu:

Tlf 815 32 450

Ta kontakt med oppsynssentralen for informasjon og rettleiing, for eksempel ved felling eller observasjon av skadde dyr, felling av feil dyr eller rettleiing ved andre situasjonar i samband med villreinjakta.

Oppsynssentralen er operativ kvar dag i villreinjakta mellom kl 08:00 og kl 19:00

Oppsynssentralen gjeld for desse villreinområda:

Nordfjella
Hardangervidda
Norefjell - Reinsjøfjell
Blefjell
Brattefjell - Vindeggen
Våmur - Roan
Setesdal Austhei og
Setesdal - Ryfylke

Denne faldaren er utarbeidd av
Hardangervidda Villreinutval og Statens Naturoppsyn.

God Jakt!

GRAFISK FORMGIVING: Reklamemakeriet. FOTO: Forsiden: Håvard Kjøntvedt. Innsiden: Lars Inge Enerstvedt.

VILLREINJAKT 2007



Nordfjella Villreinområde

Hardangervidda Villreinområde

Norefjell - Reinsjøfjell Villreinområde

Blefjell Villreinområde

Brattefjell - Vindeggen Villreinområde

Våmur - Roan Villreinområde

Setesdal Austhei Villreinområde

Setesdal - Ryfylke Villreinområde



INNSKYTING

Det er ofte vanskeleg å vurdera avstandane i fjellet. Rett innskyting av våpenet er difor viktig for å unngå skadeskyting grunna feil avstandsvurdering.
Innskyting må gjerast nøyaktig ved hjelp av fast anlegg og gå alltid ut frå middeltreffpunkt for tre eller fleire skot.

Vi tilrår at ein skyt inn rifla med ca. 5 cm overslag, dvs. middeltreffpunkt ca. 5 cm over siktepunktet på 100 meter. For dei mest brukte kalibra fører dette til felles treffpunkt og siktepunkt på 170 meter. I praksis er dette langt hold for små dyr som villrein.

Dette fører til at du kan sikta midt på dyret på alle forsvarlege skyteavstandar. Vurder avstand og skytedugleik – dei fleste er i ein spent jaktsituasjon dårligare skyttarar enn dei trur!

GOD JAKTUTØVING

- Skræm ikkje dyra unødig og ikkje la dei sjå deg.
- Skyt ikkje i flokk. Skyt på frie dyr i utkanten av flokken. Dei fleste kaliber/kuler fører til gjennomskyting.
- Hugs sikker bakgrunn for skotet.
- Skyt ikkje på lenger avstand enn du meistrar.
- Avstandsvurdering i fjellet er vanskeleg.
- Skyt ikkje på dyr i stor fart.
- Vær sikker på at våpen og sikte er i orden, avstandsvurdering i fjellet er vanskeleg
- Ikkje ta sjansar.

GOD JEGERFRAMFERD

Hugs at andre jegerar har like stor rett til ei god jaktoppleving som du!

- Vær blid og hjelpsam overfor andre jegerar.
- Ta omsyn og vær høfleg.
- Ha ikkje moro med andre sine feil eller uhell.
- Rydd opp etter deg (og på slakteplassen).
- Gå ikkje i silhuett - reinen ser deg!
- Pass på vinden - reinen luktar deg på lang avstand!
- Har reinen oppdaga deg så ligg i ro!
- Opna sluttstykket og ha det i bakre stilling når du møter andre jegerar eller oppsyn.
- Legg aldri frå deg eit ladd våpen.

Ein erfaren reinsjeger
tar seg god tid.
Sit i skjul med oversikt,
og brukar kikkerten flittig!

ETTERSØK

Alle jegerar har plikt til å søka etter vilt jegeren har skote på. Det er ikkje krav om ettersøkshund under villreinjakt, men ettersøksplikta er som for jakt på anna hjortevilt. Alle jegerar og jaktlag har plikt til ettersøk.

Om du skadeskyt eit dyr og det går inn på nabovaldet, har du plikt og rett til å forfølgja og avliva dyret. Denne retten (til å forfølgja) gjeld ut den dagen dyret kom inn på naboterrenget. I dette tilfellet har du rett til å ta dyret på eige kontrollkort. Jeger må sjølv prova at ettersøket er lovleg.

SKADA REIN

Du pliktar å avliva skadde dyr som du oppdagar og om du sjølv ikkje har skada dyret. Dette gjeld og om du er på anna område enn der du har lov å jakta. Vilkåret for å ta dyret på eigen kvote er at du har fellingsløyve på denne typen dyr og at fellingsløyvet kan brukast på det aktuelle området. Andre jegerar med fellingsløyve som er gyldig på det aktuelle området kan også ta dyret på sin kvote.

Avliva og skadd rein, som jeger ikkje ønskjer eller kan ta på eigen kvote, skal ein vomma ut slik at kjøtet ikkje blir øydelagt. Slik avliving skal ein melda til oppsynet. Eventuell transport av dyr som jegeren ikkje skal ta på eigen kvote må ikkje finna stad før samtykkje ansvarleg myndigheit, td. oppsynssentralen er gjeve.

